



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8129, Dep

0032 OSLO

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 03.09.2010

Vår ref: 10/13395

Dykkar ref: 10/1002-9 MAR

Arkiv: K1-

FORSLAG TIL ENDRINGAR I VALLOVA - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Det vert vist til Dykkar skriv datert 31.05.10 med oversending av ovannemnde sak på høyring.

Vindafjord formannskap handsama saka i møte 31.08.10, sak 088/10, og gav slik uttale:
Vindafjord formannskap viser til rådmannen sine vurderingar og støttar forslaget i høyringsnotatet 31.05.10 til endringar i vallova og valforskrifta.

Formannskapet i Vindafjord viser til forsøksordninga med direkte ordførarval. Ordninga har vore nytta i kommunen, og Vindafjord formannskap meiner det bør vere opp til kommunane sjølv å kunne velje å halde fram med denne ordninga.

Særutskrift av formannskapet si handsaming ligg ved.

Med helsing

Magne Inge Vårvik
Konsulent politisk sekretariat

Vedlegg: Særutskrift av FS.sak-088/10.

Postadr.:
5580 ØLEN

Telefon:
53 65 65 65

Telefax:
53 65 65 66

<http://www.vindafjord.kommune.no>
postmottak@vindafjord.kommune.no

Vindafjord kommune

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	31.08.2010	088/10	MIV

Avgjerd av: Saksansv.: Magne Inge Vårvik	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 10/1761
---	-----------------------	-----------------------

FORSLAG TIL ENDRINGER I VALLOVA - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	31.05.2010	Kommunal og regionaldepartementet	HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I VALLOVA

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Vallova

Saka gjeld:

Uttale til forslag til endringar i Vallova.

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet oversender 31.05.10 på høyring forslag til endringar i vallova.

Frist for uttale er sett til 01.09.10.

I innleiinga i høyringsnotatet heiter det m.a.:

"Det fremmes forslag til følgende lovendringer:

1. Forslag om at en kandidat kan be seg fritatt fra å stå på valgliste ved kommunestyrevalg og fylkestingsvalg dersom vedkommende legger fram erklæring om at han/hun ikke sympatiserer med valglisten.
2. Forslag om at tidspunktet for innlevering av listeforslag settes til kl. 12 den 31. mars og tidspunkt for tilbakekalling av listeforslag settes til kl. 12 den 20. april.
3. Forslag om at Folkeregistermyndigheten pålegges å lage et "foreløpig manntall" pr. 1. april i valgåret.
4. Forslag om krav til forsegling av urner på valgdagen. Dagens krav i valgforskriften til forsegling av valgurner ved forhåndsstemmegivningen foreslås fastsatt i lov.

Departementet har vurdert om det bør innføres begrensninger med hensyn til valgbarhet for listekandidater, men foreslår ingen konkrete lovendringer i dette notatet. Vi ber imidlertid om tilbakemeldinger fra kommunene på hvilke praktiske problemer som eventuelt vil kunne oppstå ved innføring av slike begrensninger. Problemstillingene er nærmere omtalt i kapittel 9.

Det fremmes i dette notatet også forslag om å foreta enkelte forskriftsendringer i regelverket for utforming av stemmesedler. I tillegg foreslås det at det i valgforskriften tas inn krav til kvittering for

levering og mottak av valgmateriell, enten dette skjer internt i kommunen eller ved levering til fylkeskommunen.”

Skrivet vart lagt fram for formannskapet som referatsak i møte 21.06.10.
Rådmannen vart bedt om å leggja fram sak til neste møte.

Rådmannen har, etter oppmoding frå formannskapet, undersøkt med Kommunal- og regionaldepartementet om forsøksordninga med direkte val av ordførar.
Departementet bekreftar at dette forsøket ikkje vert vidareført i neste valperiode og at denne høyringa ikkje omfattar dette. Departementet såg likevel ikkje at det er noko i vegen for kommunen til å uttala seg om dette forsøket, dersom det er ynskjeleg.

Vurdering:

Rådmannen har vurdert forslaga til lovendringar og kjem med følgjande kommentarar:

1. Rådmannen ser positivt på dette forslaget til lovendring, som er omhandla i pkt. 8 i høyringsnotatet. Tidlegare var det tilfelle der listekandidatar melde seg inn i andre parti for å sleppa å stå på listeforslaget.
2. Rådmannen synest også dette forslaget med innføring av klokkeslett er greitt som ei nærrare presisering og klargjering av fristen. Dette er omhandla i punkt 7 i høyringsnotatet.
3. Rådmannen er samd i at dette vert lagt inn som eit pålegg i lova. Dette er omhandla i punkt 4 i høyringsnotatet.
4. Rådmannen er samd med departementet i at forsegling av urner både på valdagen og ved førehandsrøysting er eit viktig prinsipp, som bør takast inn i lova. Rådmannen meiner det er viktig at denne endringa også gir opning for töming av urnene i løpet av valdagen slik departementet legg opp til. Dette er omhandla i punkt 10 i høyringsnotatet.

Departementet ber også om tilbakemelding om kva praktiske problem som eventuelt vil kunna oppstå dersom listekandidatar vert utelukka frå val til røystestyre og valstyre, jfr. punkt 9 i høyringsnotatet.

I Vindafjord kommune er det 9 røystestyre. Dette krev ein del personar både som medlemmer og varamedlemmer. Røystestyra har vore samansett både av nåverande og tidlegare folkevalde og andre. Valstyret består av 5 av formannskapet sine medlemmer. Dei øvrige 4 er varamedlemmer.

Rådmannen kan ikkje sjå det nødvendig og heller ikkje praktisk med lovendring på dette området.

Utforming av røystesetlar er omhandla i punkt 5 i høyringsnotatet. Rådmannen ser positivt på at det vert utforma reglar i forskrifta om dette.

Rådmannen ser det også positivt at det i valforskrifta vert tatt inn krav til kvittering for levering og mottak av valmateriell både internt i kommunen og ved levering til fylkeskommunen. Dette er omhandla i punkt 11 i høyringsnotatet.

Rådmannen har ikkje gjort vurdering av om ein skal uttala seg i forhold til direkte ordførarval. Dette vert opp til formannskapet å vurdera.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord formannskap viser til rådmannen sine vurderingar og støttar forslaget i høyringsnotatet 31.05.10 til endringar i vallova og valforskrifta.

31.08.2010 FORMANNSKAPET

Terje Halleland (Frp) og Åsmund Kalstveit (Sp) foreslo:
Formannskapet i Vindafjord viser til forsøksordninga med direkte ordførarval.
Ordningsa har vore nytta i kommunen, og Vindafjord formannskap meiner det bør vere opp til kommunane sjølv å kunne velje å halde fram med denne ordninga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak og Halleland og Kalstveit sitt forslag.

FS-088/10 VEDTAK SAMRØYSTES:

Vindafjord formannskap viser til rådmannen sine vurderingar og støttar forslaget i høyringsnotatet 31.05.10 til endringar i vallova og valforskrifta.

Formannskapet i Vindafjord viser til forsøksordninga med direkte ordførarval.
Ordningsa har vore nytta i kommunen, og Vindafjord formannskap meiner det bør vere opp til kommunane sjølv å kunne velje å halde fram med denne ordninga.

03.09.10: Melding sendt Kommunal- og regionaldepartementet